



Os kommune
Postboks 84
5202 Os

Rapport frå tilsyn ved avløpsanlegg 26. mai 2014 og varsel om vedtak om å oversende forpliktande framdriftsplan for å stette reinsekrav

Rapportnummer: 2014.112.I.FMHO

Kontaktperson ved tilsynet:

Frå verksemda:
Marianne R. Kramer

Frå Fylkesmannen i Hordaland:
Sissel Storebø
Magne Nesse

Resultat frå tilsynet

Denne rapporten omhandlar avvik og merknader frå tilsynet. Under punkt 9 i rapporten er det varsla vedtak om at kommunen skal sende Fylkesmannen ein forpliktande framdriftsplan for å stette reinsekrav gjeve i løyvet.

Dersom vi ikkje får melding om faktiske feil i rapporten innan to veker etter at rapporten er motteken, er rapporten endeleg.

Fylkesmannen i Hordaland fann 6 avvik innan følgjande tema;

- handlingsplanar/saneringsplanar
- klimaendringar og klimatilpassing
- overløp
- reinsekrav
- miljørisikovurderingar
- løyvet

Det er gitt 1 merknad. Avvika og merknaden er nærare omtalt frå side 4 og utover i rapporten.

Os kommune må innan **1. september 2014** sende ei skriftleg tilbakemelding med dokumentasjon som viser korleis avvika er retta og/eller ein tidfesta plan for korleis retting av avvik skal gjennomførast.

Sissel Storebø e.f.
senioringeniør

Magne Nesse
senioringeniør

Rapporten er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

1. Informasjon om verksemda

Namn: Os kommune	Anleggsnr.: 1243.0090.02
Besøksadresse: Torggata 7, Rådhuset, Os	
Postadresse: Postboks 84, 5202 Os	
E-post: postmottak@os-ho.kommune.no	Telefon: 56 57 50 00
Kommune: Os	Organisasjonsnr.: 844 458 312
Bransjenr. (NACE-kode): 84.110	Eigar (org.nr.): 844 458 312
Løyve sist oppdatert: 30. november 2010	Risikoklasse: 3

2. Bakgrunnen for tilsynet

Tilsynet var del av ein landsdekkande aksjon for å kontrollere om kommunane held miljøkrava til avløpsanlegga og om kommunane førebur seg godt nok på forventa klimaeffektar som til dømes auke nedbørmengde. Aksjonen er ei oppfølging av aksjonane som vart gjennomført i 2008 og 2010.

Følgjande hovudtema vart kontrollert:

- mål og strategi for avløpssektoren
- handlingsplanar/saneringsplanar
- klimaendringar og klimatilpassing
- overløp
- leiingsnett
- akkreditert prøvetaking
- etterleving av reinsekrav
- driftsstabilitet i reinseanlegg
- risikovurdering av avløpsanlegget
- framdrift for stetting av reinsekrav gjeve i løyvet datert 30. november 2010

Frå Os kommune deltok: Marianne R. Kramer, Johannes Håkonsund og Hong Ngoc Nguyen

3. Oppfølging etter tilsynet

Kommunen pliktar snarast å rette opp avvika som er omtalt i denne rapporten. For at Fylkesmannen skal kunne avslutte saka, må de innan **1. september 2014** sende ei skriftleg tilbakemelding med dokumentasjon som viser korleis avvika er retta og/eller ein tidfesta plan for korleis retting av avvik skal gjennomførast.

Varsel om tvangsmulkt

Dersom vi ikkje får tilbakemelding med dokumentasjon som nemnt ovanfor innan **1. september 2014**, vil Fylkesmannen fatte vedtak om tvangsmulkt, jf. forureiningslova § 73.

Vedtaket vil gå ut på at ein tvangsmulkt blir gitt dersom Fylkesmannen ikkje har motteke dokumentasjon som nemnt ovanfor innan 4 veker etter at vedtaket om tvangsmulkt vart fatta. Ei eventuell tvangsmulkt vil vere på 50 000 kroner.

Kommunen kan kommentere dette varselet. Eventuelle kommentarar må sendast til Fylkesmannen innan to veker etter at denne rapporten er motteken, jf. forvaltningslova § 16.

4. Kontrollgebyr

Fylkesmannen varsla i e-post 13. mai 2014 at Os kommune skal betale gebyr for tilsynet, jf. forureiningsforskrifta § 39-6. Verksemda er i løyvet plassert i risikoklasse 3. Dette betyr at de skal betale 12 000 kroner for tilsynet. Faktura blir ettersendt frå Miljødirektoratet. Fastsetjing av gebyrstørrelse er ikkje eit enkeltvedtak med klagerett.

5. Offentleggjing

Denne rapporten vil vere tilgjengeleg for ålmenta via Fylkesmannen i Hordaland sin postjournal på www.fylkesmannen.no/hordaland, jf. offentleglova.

6. Dokumentunderlag

- forureiningslova
- forureiningsforskrifta kapittel 11
- forureiningsforskrifta kapittel 14
- internkontrollforskrifta
- dokumentasjon tilsendt Fylkesmannen i samband med tilsynet
- løyvet av 30. november 2010

Informasjon om regelverket finn de på www.miljodirektoratet.no, www.miljokommune.no og www.regelhjelp.no.

Definisjonar

- **Avvik:** brot på krav fastsett i eller i medhald av helse-, miljø- og sikkjerheitslovgjevinga (til dømes brot på krav i forureiningslova, produktkontrolllova og forskrifter heimla i desse lovene eller krav og vilkår fastsett i løyve eller dispensasjonar).
- **Merknad:** eit forhold som miljøvernmyndigheitene meiner det er nødvendig å påpeike for å ivareta helse og miljø og som ikkje er omfatta av definisjonen for avvik.

7. Avvik

Vi fann følgjande avvik under tilsynet:

Avvik 1 **Handlingsplan og saneringsplan for avløpsanlegga er ikkje tilfredsstillande**

Avvik frå: Forskrift om internkontroll § 5 punkt 6 (risiko, planar og tiltak)

Kommentar

Os kommune har ikkje ein oppdatert kommunedelplan avløp. Kommunen held på med planprogram for ny kommunedelplan avløp. Planen er forventa vedtatt i løpet av 2014.

Driftsavdelinga har kjennskap til problemområde der leidningsnett medfører overløpsutslepp, kjeller overfløyming, tilstoppingar mv og utbedrar akutte hendingar når dei skjer. Tiltaka vert opplevd som «ad hoc» og på etterskot. Kommunen har ikkje systematisert denne kunnskapen gjennom å utarbeide ein handlingsplan for sanering. Ein saneringsplan for Os sentrum er planlagt utarbeidd i løpet av 2014, då dette området er eit kjente problemområde med mykje fellessystem. Os kommune har ikkje fornya (sanert) eksisterande leidningsnett dei siste tre åra. (Kjelde: KOSTRA).

Avvik 2 Kommunen har ikkje gjort tilstrekkelege førebuingar for å tilpasse avløpsanlegga til framtidige klimaendringar

Avvik frå Internkontrollforskrifta § 5 punkt 6 (risiko, planar og tiltak)

Kommentar

Kommunen har ikkje undersøkt korleis avløpsanlegga vil bli påverka med omsyn til framtidige klimaendringar. Det er ikkje gjort vurderingar eller utrekningar av kva for konsekvensar og verknader forventa framtidige nedbørsmengde eller framtidig havnivåstigning/stormflo vil ha på avløpsnettet. Nedbørsprognoser er ikkje omsett til verknader på avløpsnettet ved modellutrekningar eller ved andre vurderingar.

Kommunen opplyste at overordna strategi for klimatilpassing for avløpsanlegga skal vere eit tema i ny kommunedelplan avløp.

Kommunen vedtok i 2013 ein overvassnorm som skal leggjast til grunn for nye utbyggingsområde og byggeprosjekt i kommunen. Overvassnorma skal sikre at overvatn primært vert handsama lokalt og i minst mogleg grad tilført eksisterande avløpsleidningar. For utrekning av framtidig nedbørsmengde for dimensjonering av overvassløysingar er det i norma sagt at sist oppdaterte IVF-kurve for Sandsli målestasjon i Bergen kan nyttast med eit tillegg på 40 % for framtidig nedbørsauke ("Klimafaktor" på 1,4).

Avvik 3 Overløp av ureinsa avløpsvatn blir ikkje handtert tilfredsstillande

Avvik frå: Løyve av 30. november 2010, vilkår 3.5

Kommentar

Kommunen har to driftsoverløp og 9 pumpestasjonar med nødoverløp innanfor Os tettstad. Kommunen manglar registrering av vassmengda eller tida for når dei to driftsoverløpa slepp ut avløpsvatn, slik det er stilt krav om i løyve. Kommunen manglar og skriftlege rutinar for drift og vedlikehald av driftsoverløp. Driftsoverløpet ved REMA 1000 har ureinsa utslepp til ferskvassresipienten Banktjørna som har vore nytta til bading. I løyve er det stilt krav om at "driftsoverløp skal førast til ein stad og djupne som ikkje medfører estetisk forureining", samt at det skal vurderast tiltak som partikkelseparasjon for driftsoverløp som kan ha forureiningseffekt. Dagens løysing for dette driftsoverløpet er i strid med løyve.

Avvik 4 Kommunen heldt ikkje reinsekrava for utslepp til vatn i 2013

Avvik frå: Utsleppskrav sett i løyvet

Kommentar

Os kommune tar prøver av avløpsvatn ved 5 reinseanlegg. Dette omfattar silanlegga Oselv, Kuhnlevika og Halhjem, det biologisk anlegget i Skeisleira og det biologiske/kjemiske anlegget i Søvikvågen. I fylgje motteke rapportering vert det tatt utløpsprøver på alle anlegga for parameterane SS, KOF og Tot-P og inn/utløpsprøver for BOF₅ og Tot-P for Skeisosen. På tilsynet blei det avtala at Fylkesmannen skulle gje tilbakemelding om reinsekrav og reinseresultat for 2013.

Reinseanlegga i Søvikvågen og Skeisleira med utslepp til sjø, mottar avløpsvatn frå tettstadar som er mindre enn 10 000 personekvivalentar. Reinsekrav for desse anlegga fylgjer dermed av reglane i forureiningsforskrifta kapittel 13. I § 13-18 er det vist til at reinsekrav i løyve gjeve før forskrifta blei vedteke (2007) fortsatt gjeld.

Reinsekrav for desse anlegga fylgjer difor av det tidlegare løyvet til Os kommune av 11. april 1996, i vedlegg 2, punkt 1.4:

Tabell 2. Grenseverdiar for midlare utløpskonsentrasjon (K1) og høgste tillate enkeltverdi (K2) (mg/l)

Reinseanlegg	Tot-P		KOF		SS	
	K1	K2	K1	K2	K1	K2
Søvikvågen	0,5	1,0	80	110	30	
Skeisleira			80	110	20	

Det blir føreset at midlare årleg reinseeffekt er ca. 90-95 % m.h.t. tot-P for anlegg med kjemiske steg og 80-90% m.h.t organisk stoff for anlegg med biologiske steg.

Reinsekrav for Oselv, Kuhnlevika og Halhjem reinseanlegg fylgjer også av det tidlegare løyvet til Os kommune av 11. april 1996, vedlegg 2, punkt 1.4:

Reinsekravet skal som minimum vere slamavskiljar eller sil med spalteopning på 1 mm eller mindre. Andre reinseinretningar kan og godkjennast dersom det kan dokumenterast at reinseeffekten er minst like god som ved bruk av sil med 1 mm spalteopning. Reinseanlegga skal halde tilbake ein slammengde tilsvarende 50 g slam pr. pe. og døgn med 20 % TS

Kravet i løyvet frå 1996 er ikkje eigna til å vurdere utløpsprøvene opp mot prøvar som vert tatt på dei tre silanlegga. Som nemnt på tilsynet kan reinsekrava i forureiningsforskrifta § 13-8 bokstav b, vere utsleppsgrense som kommunen kan nytte for å vurdere reinseeffekten, då desse er meint for silanlegg av den type som desse tre reinseanlegga nyttar.

Utsleppsgrensa er:

b) 100 mg SS/l ved utslipp beregnet som årlig middelvei,

Ut frå motteke analyseresultat er status for reinseresultatata i 2013

Reinseanlegg	SS utløp middelvei	Slammengde pr person og døgn	KOF ut middelvei	KOF ut maksverdi	Tot - P ut middelvei	% reinsing organisk stoff	% reinsing fosfor
Halhjem sil	Nei	Ja	≠≠	≠≠	≠≠	≠≠	≠≠
Oselv sil	Ja	Nei	≠≠	≠≠	≠≠	≠≠	≠≠
Kuhnlevika sil	Nei	Nei	≠≠	≠≠	≠≠	≠≠	≠≠
Skeisleira - biologisk	Ja	≠≠	Nei	ikkje oppgeve	≠≠	Nei	≠≠
Søvikvågen – bio/kjemisk	Ja	≠≠	Nei	ikkje oppgeve	Nei	≠≠	ikkje målt

Ja – klarer reinsekravet, Nei – klarer ikkje reinsekravet
≠≠ = ikkje reinsekrav for anlegget for denne parameteren

Vi anbefaler at det vert tatt innløpsprøver for parameteren Tot-P for Søvikvågen reinseanlegg i staden for Skeisosen, sidan dette er eit biologisk/kjemisk anlegg med reinsekrav for denne parameteren. Kommunen bør også vurdere om det er nødvendig å ta utløpsprøver for parametrane KOF og Tot-P på dei tre silanlegga.

Avvik 5 Miljøriskovurdering for avløpsanlegga er ikkje tilfredsstillande

Avvik frå Internkontrollforskrifta § 5 punkt 6 (vurdere risiko)

Kommentar

Os kommune har nyleg utarbeidd ei miljøriskovurdering (vedteke 30. mai 2014) som primært er retta mot HMS for tilsette på teknisk drift, men som også omfattar nokre få hendingar som kan gje risiko for ytre miljø. Men risikovurderinga er mangelfull for nokre område:

- Det er manglar med metoden som er nytta. Sannsyn og konsekvens kategoriane er definerte for ulukker/hendingar for tilsette på teknisk drift og er lite eigna for å vurdere risiko for utslepp av avløpsvatn til ytre miljø og mogeleg miljøskade. (Til dømes er konsekvens gradert etter dødsfall, invaliditet og tid for fråvær frå arbeide).
- Dei fleste hendingar og forhold som kan gje risiko for utslepp er ikkje risikovurdert systematisk og komplett til dømes overløp, leidningsnett, pumpestasjonar, reinseanlegga, klimatilpassing, industripåsløpp.
- Det er ikkje utarbeidd ei skriftleg rutine for kva som utløyser ei oppdatering av miljøriskovurderinga (nye reinseanlegg, nye pumpestasjonar mv.).

Ved revisjon av miljøriskovurderinga anbefaler Fylkesmannen at metodikk i Norsk Vann rapport 197/2013 "Avløpsanlegg – vurdering av risiko for ytre miljø" vert nytta.

Avvik 6 Kommunen sender ikkje årsrapport til Fylkesmannen

Avvik frå Løyvet av 30. november 2010 om rapportering

Kommentar

Kommunen skal sende årsrapport til Fylkesmannen innan 1. mars kvart år. Kommunen har ikkje sendt årsrapport for driftsåret 2013.

8 Merkander

Merknad 1: Drift og vedlikehald av leidningsnett kan bli betre

Kommentar

Kommunen har ikkje fastsett eigne funksjonskrav for leidningsnett. Døme på viktige funksjonskrav er:

- tilknytningsgrad til kommunalt avløpsnett innanfor tettstaden
- virkningsgrad (kor stor del av forureininga kjem fram til reinseanlegga)
- grense for utslepp grunna stans i pumpestasjonar, tilstoppingar, feilkoplingar, lekkasjar mv
- grense for samla mengde utslepp via overløp

Miljødirektoratet har laga ein ny mal for utsleppsløyve der funksjonskrav til leidningsnett, som nemnt ovanfor, er meir konkret enn i gjeldande løyve. Fylkesmannen vil etter dialog med Os

kommune endre løyvet i samsvar med ny mal. Det er difor viktig at Os kommune førebur seg på kva som er oppnåelege funksjonskrav for det komande avløpsløysninga for Os tettstad (OHARA).

8. Framdrift for å stette reinsekrav gjeve i løyvet. Varsel om vedtak om å oversende ein forpliktande framdriftsplan innan 31. desember 2014

Os kommune klarer ikkje tidsfristen 31. desember 2015 sett i løyve med å oppfylle primærreinsekravet for Os tettstad. Oppdatert kommunedelplan avløp er venta endeleg vedtatt i 2014. Denne skal innehalde tekniske løysingar og framdriftsplan for etablering av eit nytt hovudreinseanlegg for Os tettstad (OHARA), oppgradering av Halhjem reinseanlegg til primærreinseanlegg og plan for overføring av andre eksisterande kommunale utslepp til OHARA. Os kommune har ein førebels framdriftsplan der Halhjem reinseanlegg vert oppgradert til primærreinsing innan 31. desember 2015 og OHARA skal vere ferdig hausten 2017. Os kommune har valgt flotasjon som reinseløysing for OHARA.

Eksisterande utslepp frå Oselv og Kuhnlevika reinseanlegg skal etter planen også overførast til OHARA i løpet av 2017. Overføring av Skeisosen og Søvikvågen til OHARA vil skje etter 2017. Overføring av Søvikvågen skal koordinerast med etablering av ny E 39.

Miljødirektoratet har gitt Fylkesmannen i oppgåve å innhente forpliktande framdriftsplanar frå dei kommunane som ikkje klarer å stette primærreinsekravet innan 31. desember 2015. Fylkesmannen kan så endre løyvet med nye tidsfristar for å stette primærreinsekravet på bakgrunn av framdriftsplanen. Vi forventar at kommunane held ei stram framdrift for å stette kravet. Fylkesmannen vil vurdere å fatte vedtak om tvangsmulkt til eventuell manglande framdrift.

Fylkesmannen vil presisere at tiltaka for å stette primærreinsekravet for Os tettstad omfattar både det å byggje nye avløpsreinseanlegg og overføre dei eksisterande utsleppa som er innanfor Os tettstad til desse nye reinseanlegga, jamfør definisjonen av tettstad i forureiningsforskrifta §11-3 bokstav m.

Framdriftsplanen må minst innehalde:

- tekniske løysingar
- kostnadar
- eventuell avhengigheit av andre tilhøve/prosjekt som kan påverke framdrifta og som ikkje kommunen rår over (til dømes samordning med vegutbygging)
- tidspunkt for når dei ulike tiltaka blir gjennomført

For dei tiltaka som gjeld overføring av eksisterande utslepp til dei nye reinseanlegga ber vi om ei grunngjeving for:

- kvifor dei ulike tiltaka er prioritert slik dei er
- omtale av utsleppet som skal overførast (reinseanlegget sin funksjon, ureinsa, utsleppsdjupn, brukarkonfliktar, forureiningsverknader)

Fylkesmannen har heimel i forureiningslova § 51 til å innhente ein forpliktande framdriftsplan for å stette primærreinsekravet frå kommunen. For å halde god framdrift varslar Fylkesmannen med dette at vi vil fatte vedtak om at ein forpliktande framdriftsplan skal sendast Fylkesmannen innan **31. desember 2014**. Kommunen kan kommentere dette varselet. Eventuelle kommentarar må sendast til Fylkesmannen innan fire veker etter at denne rapporten er motteken.

9. Andre forhold

Då løyvet vart gjeve i 2010 var det åtte utslepp innanfor Os tettstad inkludert, to private utslepp. I mai 2014 vart utsleppet på Lekvenvågen (1 200 pe i 2025) overført til Kuhnlevika reinseanlegg.

Utslepp frå planlagt boligområde på Bjånes (1 900 pe) er inkludert i løyvet. I fylgje kommunen kan det skje at bustadområde (og utsleppet) vært etablert før OHARA er ferdigstilt. Dei private utbyggjarane må då søkje Fylkesmannen om mellombels løyve for utsleppet. Reinsekrav for utsleppet må minimum støtte krav til primærreinsing.

Reinseanlegga Søvikvågen og Skeisleira er inkludert i løyvet, sidan desse etter planen skal overførast til OHARA og vert dermed ein del av Os tettstad. Inntil desse utsleppa vert overført er dei "kapittel 13 anlegg", og Os kommune er mynde for desse anlegga.

Kommunen har eit oppdatert leidningskartverk (GIS-Line) for eigne leidningar, men manglar ein del eldre stikkleidningar og andre private leidningar. I november 2013 starta kommunen å leggje inn hendingar i leidningskartet, med modulen KOMTEK.

Kommunen har 121 km spillvassleidningar, der 7 km (6 %) er fellesleidningar og 114 km er separate spillvassleidningar. Det fins 51 km separate overvassleidningar i tillegg.

I 2014 skal kommunen starte opp med å ta bakterieprøver ved badeplassane i sesongen.

Alarmer frå pumpestasjonar og reinseanlegg overførast til PC/mobil for driftsovervaking. Det er 24 timars vaktordning med eigen vakttelefon.

I løpet av 2014 skal ansvar for drift av vann og avløp i Os kommune overtakast av Bergen Vann KF.